



Arkivnr: 2016/35219-142

Saksbehandlar: Eirik Knive

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2018

Tilskot til friluftslivsføremål (Kap. 1420 post 78)

Samandrag

Saka gjeld fordeling av statlege midlar til friluftsføremål, jf statsbudsjettet kap 1420 post 78.

Føremål med tilskotsordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga. Målgruppa for ordninga er frivillige organisasjonar som er registrert i einingsregisteret og interkommunale friluftsråd som arbeider med aktivitetsfremjande tiltak for friluftsliv.

Midlane skal primært nyttast til arbeid som stimulerer til direkte friluftaktivitet og tiltak som legg tilrette for aktivitetstiltak. Dette kan til dømes vere organiserte turar, praktiske kurs, friluftsliv eller materiell som medverkar til å auke friluftaktivitetane, som til dømes fiskestenger og kompass. Det kan ikkje gis tilskot til utstyrsbankar eller lag og foreiningar som vil supplere sitt utstyrslager.

Generelt	
Budsjett 2018:	2 100 000
Søknadsfrist 2018:	1. februar
Vedtaks kriteria:	KIRU 24.04.18: PS
Kriteria og informasjon om ordninga:	info på nettsida

2018	
Tal på søknadar:	43
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	31
Samla søknadssum:	3 682 738
Tilrådd til fordeling:	2 100 000

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Følgjande tiltak er prioritert:

- som er lite ressurskrevjande og lett tilgjengelege for alle brukargrupper.
- som blir gjennomført i nærmiljøet og særlig retta mot byar og tettstader.
- som medverkar til auka deltaking over tid.
- for personar som er lite fysisk aktive.
- for barn, ungdom og barnefamiljar.
- som stimulerer personar med nedsett funksjonsevne.
- som inneheld utvikling av nye metodar og tiltak for å oppfylle tilskotsordninga sine mål på ein betre og meir effektiv måte.

Fylkeskommunalt tilskot kan ikkje vere høgare enn 50 % av dei totale ressursane for prosjektet. Dugnad kan reknast som eigenfinansiering (inntil kr 300,- pr/time). Det vert ikkje løyvd tilskot til anlegg som kan søke spelemidlar eller til drift.

Nokre søknadar omhandlar tilskot til tiltak der prosjektering er ein sentral del av kostnaden. Desse er vurdert i høve til kor mykje friluftaktivitet dei vil kunne skape jamfør retningslinene. Organisasjonar med kontor i Rogaland er tilrådd støtte når tiltaket gjeld tilbod for innbyggjarar i Hordaland.

Økonomi: Hordaland fylkeskommune er for 2018 tildelt 2.1 mill til denne ordninga frå Miljødirektoratet til vidare fordeling til innkomne søknadar.

Klima: Tiltaka er i hovudsak knytt til innbyggjarane sine nærmiljø og ha ein effekt på klima ved å bidra til å gje barn og unge gode opplevingar i naturen.

Folkehelse: Tiltaka er med å gjennomføre det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar

Regional planstrategi: Tilskotsordninga bidreg til å realisere mål 2.2 *eit inkluderande samfunn* ved strategi, 2: *Å styrke inkludering gjennom frivillige organisasjonar i nærmiljøet*. Aktivitetar i nærmiljøet bidreg til å styrke sosiale relasjonar gjennom verdifulle og helsefremjande opplevingar.

Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 2 100 000 kr over budsjettpost 400.450.14, slik:

Nr	Søkar	Kommune	Tiltak	Innstilling
1	4H Hordaland	Osterøy (og resten av Hordaland)	4H Basecamp Hardangervidda – Juniorsprell	20 000
2	Askøy Røde Kors	Askøy	Barnas Røde Kors - BARK 2018	28 000
3	Bergen og Hordaland Turlag	Bergen	Klart det går!	100 000
4	Bergen og Hordaland Turlag	Bergen	Nærturar for ungdom: Grillin´n´chillin	70 000
5	Bergen og Hordaland Turlag	Bergen	Turboklubb	100 000
6	Bergen og Omland Friluftsråd	22 kystkommunar i Hordaland og Gulen	Skuledagar på sjøen under kystsogevøkene 2018	540 000
7	Bydelsbloggen	Stord	Få ungane ut for å leika! Og dei vaksne òg:-)	Avslag
8	Bydelsbloggen	Stord	Stord Friluftsfestival 2018	41 000
9	Bømlo Turlag	Bømlo	Tarzan løype	
10	Dale Oen Experience	Øygarden	Auke aktiviteten ved Dale Oen Experience stiftelsen	100 000
11	Den Vietnamesiske Budhistiske Speiderfamilien	Bergen	Vietnamesiske Speider Familien	20 000
12	Dyktig 4H	Voss	Sikker skitur - trygg i snø	27 000

13	Etne Røde Kors	Etne	Camp Hjørnås	100 000
14	Etne Turlag	Etne	Turmål, barnas turlag	22 000
15	Fjell Turlag Ung	Fjell	Fjell Turlag ung	50 000
16	Friluftsrådet Vest	Stord, Bømlo og Kvinnherad	Friluftslivets veke Sunnhordland 2018	60 000
17	Friluftsrådet Vest	Stord	Læring i friluft -Sunnhordland	80 000
18	Friluftsrådet Vest	Fitjar, Kvinnherad	Padlecamp og familiepadledag Sunnhordland	60 000
19	Friluftsrådet Vest	Stod, Kvinnherad	TellTur i Sunnhordland	50 000
20	Haugesund Turistforening	Sveio	Friluftsliv for alle - heile året	10 000
21	Haugesund Turistforening	Etne	Naturlosturar	40 000
22	Hordaland krins av Norges speiderforbund	Bergen	Friluftsliren	100 000
23	Hordaland krins av Norges speiderforbund	Bergen	Friluftsskule Landås fjellet	30 000
24	Hordaland krins av Norges speiderforbund	Samnanger	Friluftsskule Samnanger	25 000
25	Hordaland krins av Norges speiderforbund	Kvam	O-kart over Kvamsøy	Avslag
26	Hordaland krins av Norges speiderforbund	Bergen	Praktiske friluftsferdigheter for patruljeførere	Avslag
27	Kalfarhuset Oppfølgingscenter Kirkens Sosialtjeneste	Bergen	Kalfarhusets turgruppe	75 000
28	KFUK -KFUM Speideren Bjørgvin krets	Bergen	Bymanøver og KULTur familieløype	45 000
29	KFUK -KFUM Speideren Bjørgvin krets	Bergen	Leiartrening	Avslag
30	KnarvikMila AKS-77	Lindås	Friluftaktivitet - Brekkeløypa	Avslag
31	Kristent Interkulturelt Arbeid	Bergen	Ein liten tur	17 000
32	NJFF-Hordaland	Bergen	Kvinneaktivitetar	Avslag
33	Nordhordland Røde Kors	Lindås, Meland, Radøy, Austrheim, Fedje, Masfjorden og Modalen	Nordhordland Røde Kors Friluftsliv og Førstehjelp	18 000
34	Psykiatralliansen	Bergen	Alle er velkommen alltid	60 000
35	Stiftelsen Det norske arboret	Bergen	Aktiv formidling og læring ved Det norske arboret	100 000
36	Stiftelsen Turnerhytten	Bergen	Oppgradering/vedlikehald Turnerhytten	Avslag
37	Stiftinga Grannehjelpa	Kvam	Mat og moro under open himmel	67 000
38	Stølsvegen Venelag	Vaksdal	Prosjekt sherpasti til Yksendalsstølen	Avslag
39	Tertnes idrettslag Alliance	Bergen	Stolpejakten	25 000
40	Tjukkasgjengen	Bergen	Lavterskel folkehelse Fylkestreff	Avslag
41	Torsneset velforening	Fusa	Badeområdet	Avslag
42	Trappen IL	Bergen	"Prosjekt løp for livet"	Avslag
43	Nordhordland Røde Kord	Lindås, Meland, Radøy, Austrheim, Fedje, Masfjorden og Modalen	Ut i skjærgården, alle skal med	20 000
	Samla			2 100 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.03.2018

Viser til vedlegg med oversyn over søknadane med fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad.